




Brukarveiledning - Vegkart


Vegkart er ein nasjonal kartbasert database over vegnettet i Norge. Databasen inneheld vegdata fordelt på dei ulike vegkategoriane og er tilgjengelig på www.vegvesen.no/vegkart. Det er dessverre slik at ein del av veglenkene ikkje er oppdatert. Kommunane må difor ta eit lite forbehold med tanke på eigardata langs kommunal- og privat veg. Det er difor viktig at ein søker opp begge desse vegkategoriane når ein leitar etter registrerte vegdata.

For å få ei oversikt over brøyterodene i framtidige Alver kommune må ein fyrst søkje opp dei tre kommunane.

Oppe i høgre hjørnet på kartsida ligg søkefeltet:



I søkefeltet skriv du inn kommunekavnet og vel dette vet å trykkje på sjølve navnet under der det står Kommuner:







Skjermbiletet ser då slik ut:




No skal du søkje opp vegkategoriane kommunalveger og privatveger og velje desse:






Når vegkategorieane er søkt opp og valgt, skal det sjå slik ut i menyen til høgre i skjermbiletet:




Så er det vegdata for brøyterodene (objekttypen) som skal søkjast inn. Skriv inn brøyterode i søkefeltet og velg brøyterode under objekttype.





Då ser skjermbiletet slik ut:




Alle veglenkene det er knytt brøyterode til i dei 3 kommunane er då merka med grøne strek i kartet. Tala i sirklane fortel kor mange lenker det er knytt objekttype brøyterode mot. Om du bruker zoom-funksjonen vil talet endra seg jo nærmare ein kjem staden i kartet.

Du kan klikke på dei grøne strekane i kartet for å få opp meir informasjon knytt til kvar enkelt veg. Det er og mogleg å filtrere søket på roden sitt nummer, navn og prioritet.


SØKEFILTER:

Hald muspeikaren over brøyterode i menyen slik at den vert oransje og trykk:







Trykk i den oransje ruta Legg til filter:



Velg ett filter for eksempel Nummer (trykk på den vesle pila nedover i ruta bak «Velg et filter:»):



Velg «=>» i ruta «operator» og nummeret på roda du ynskjer å vise i kartet i ruta «tall». Då viser dei vegane i kartet som skal brøytast i den valgte roda.



Ein kan legge inn fleire filter ved å bruke same framgangsmåte. For eksempel om ein ynskjer å sjå prioriteringa til dei ulike vegane i roda.



Her er eit eksempel med bruk av filter; brøyterode nummer 8 og alle vegar merka som kategori B.

The screenshot shows a web application interface for a map. On the left, there is a sidebar with navigation icons and a 'VEGKART' button. The main area is a map of Alver kommune, showing various roads and geographical features like Kvernafjorden and Kvernafjella. On the right, there is a search and filter panel. The search bar contains 'Skriv inn objekttype eller søkeområde'. Below it, there is a list of selected locations: Radøy, Meland, Lindås, Kommunalveger, and Privatveger. The 'Filtrering' section shows two filters: 'Filtrer søket etter' with 'Nummer' set to 8, and 'Filtrer søket etter' with 'Prioritet' set to B. There are buttons for 'Legg til filter' and 'Kategorisering'. At the bottom, it says 'Vis vegobjekter: Som liste CSV API'.